

BACHELOROPPGÅVE

Søskenplassering i fosterheim – til barnets
beste?

Sibling placement in foster care – for the best
interests of the child?

Kandidatnummer: 527

Bachelor i barnevern

Fakultet for helse- og sosialvitenskap/ Institutt for velferd og
deltaking

16.05.2022

Tal på ord: 7945

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle
kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på
Vestlandet, § 12-1.

Samandrag

Tittel: Søskenplassering i fosterheim

Problemstilling: Er samplassering av søsken i fosterheim til barnets beste?

Metode: I denne oppgåva er det valt litteraturstudie. Eg nyttar tidlegare relevant litteratur for å forsøke å svare best mogleg på problemstillinga om plassering søsken i fosterheim.

Resultat: Resultata i artiklane viser at plassering av søsken i fosterheim er eit viktig tema. Det kjem fram moglege fordelar og ulemper med å plassere søsken saman. Samt viser resultata at det er ulike hindringar og utfordringar med å samplassere søsken i same fosterheim, og at søskenas tilknyting og forhold er sentralt.

Konklusjon: Eg har med denne oppgåva vist at saksbehandlaren sitt skjønn er sentralt i slutninga om samplassering av søsken er til barnets beste. Ein må vurdere kvart enkelt barn sine behov for å kunne vere sikker på at ein samplassering eller splitting er barnets beste.

Abstract

Title: Siblings in foster care.

Issue: Is joint placement of siblings in foster care for the best interests of the children?

Method: In this thesis, a literature study has been chosen. I use previously relevant literature to try to answer my issue about placing siblings in foster care.

Results: The results in the articles show that placement of siblings in foster care is an important topic. There are possible advantages and disadvantages with placing siblings together. The results also show that there are various obstacles and challenges in placing siblings in the same foster home, and that the siblings' connection and relationship are central.

Conclusion: With this thesis I have shown that the caseworker's judgment is central to the conclusion that the placement of siblings is in the best interest of the child. The caseworker must assess every single child's individual needs to be able to be sure that a joint placement, or splitting of the siblings is in the child's best interests.

Innhaldsliste

Samandrag.....	1
Abstract	2
1.0 Innleiing	1
1.1 Forforståing og bakgrunn for val av tema.....	1
1.2 Problemstilling	2
1.3 Avklaring av omgrep	2
1.4 Lovverk	2
1.5 Oppgåvas struktur.....	3
2.0 Teori.....	3
2.1 Samplassering og splitting	3
2.2 Fordelar ved samplassering av søsken.....	4
2.3 Moglege ulemper ved samplassering av søsken	5
2.4 Fem faglege prinsipp.....	5
2.5 Tilknyting	7
2.6 Fosterheimsopplæring	8
3.0 Metode	9
3.1 Val av metode	9
3.2 Litteraturhierarki.....	9
3.3 Søkeprosess.....	10
3.4 Validitet og reliabilitet og kritisk vurdering	12
4.0 Presentasjon av litteratur.....	12
4.1 Artikkel 1 - Falch-Eriksen.....	12
4.2 Artikkel 2 - Wojciak	14
4.3 Artikkel 3 - Clark.....	15

4.4 Artikkel 4 – Gundersen.....	16
4.5 Analyse av artiklane	17
5.0 Drøfting.....	18
5.1 Mangel på tilgang til fosterheim med kapasitet til søskenplassering?.....	18
5.2 Tilknyting mellom søsken opp mot barnets beste og prinsippa.....	20
5. 3 Implikasjonar for praksis	22
6.0 Styrkar og avgrensingar i oppgåva	23
7.0 Avslutning	23
7.1 Konklusjon.....	24
Bibliografi	25
Vedlegg	28
Vedlegg 1: Søkelogg	28
Vedlegg 2: Skjema for kritisk vurdering	32
Kjeldeliste skjema for kritisk vurdering	37

1.0 Innleiing

Fosterheim er det mest brukte tiltaket i Noreg for barn og unge som ikkje kan bu med sine biologiske foreldre av ulike grunnar (Bunkholdt, 2012). Tema i oppgåva er søskennplassering i fosterheim. Dette er eit aktuelt tema då 9450 barn budde i fosterheim ved utgangen av 2020, og av desse budde i underkant av 3000 barn i familiar dei kjenner frå før (Bufdir, 2022). Det er vanskeleg å seie kor mange av desse som var søsken, og kor mange som blei samplassert eller splitta, men ifølge Ellingsen et. al. (2019, s. 14) har 80 % av alle norske barn søsken. I akuttsaker finn Andresen (2019) at halvparten anten ikkje har søsken eller at søsken ikkje er del av akuttsaka, men at dei blir plassert saman i halvparten av sakene der søsken er involvert. Ei søskennplassering i ei fosterheimsflytting kan ha mykje å seie for utfallet, og om det er barnets beste om søskena skal plasserast saman eller kvar for seg er ei vanskeleg slutning som barneverntenesta må avgjere.

1.1 Forforståing og bakgrunn for val av tema

Eg har valt å skrive om søskennplassering i fosterheim fordi dette er eit interessant og viktig tema for meg som barnevernsstudent. I løpet av praksisperioden min blei eg vitne til to saker der søsken blei splitta, og det fanga min interesse. Eg stussa over at det var to slike saker berre på den korte tida eg var der, og i tillegg har vi lært at det er ein hovudregel at søsken plasserast saman. Det viste seg at i den eine saka var det vanskeleg for barna å vere splitta, medan i den andre saka fekk det eine barnet i søskensflokken som blei plassert i fosterheim det betre her.

For min del var det spennande og interessant at to saker med splitting kan vere så ulike med tanke på utfallet for kvart av barna. Det var i utgangspunkt desse to sakene som gjorde at min interesse for søskensplitting i fosterheim starta, og som er grunnen til at eg har valt dette som tema på bacheloroppgåva mi.

1.2 Problemstilling

Ifølge Falch-Eriksen (2017) splittast heile seks av ti søsken ved plassering i fosterheim (Falch-Eriksen, 2017, s. 16). Det er inga lov som seier at søsken skal plasserast saman, men Bufdir (2022) har som ein hovudregel at søsken skal plasserast saman dersom det ikkje er særlege forhold som taler mot det. Med denne oppgåva, ein litteraturstudie, vil eg undersøke om samplassering av søsken er til barnets beste, og har difor formulert problemstillinga mi slik:

«Er samplassering av søsken til barnets beste?»

1.3 Avklaring av omgrep

Dette avsnittet vil ta føre seg ei utdjuping av omgrep som blir brukt i oppgåva.

Fosterheim: Ein fosterheim er ein privat heim som tek imot barn til oppfostring grunna slutning frå barnevernenesta om hjelpetiltak eller i høve til omsorgsovertaking, og desse private heimane skal godkjennast som fosterheimar (Forskrift om fosterheim, 2003, § 1).

Søsken: I denne oppgåva vil eg ta utgangspunkt i biologiske søsken, heilsøsken og halvsøsken, då det er mest truleg at desse har budd saman før ei fosterheimspllassering. Eg omtalar dei som søsken, og vil ikkje skilje mellom dei ulike i oppgåva.

Plassering i fosterheim: Ein plassering i fosterheim kan vere eit frivillig hjelpetiltak, altså at foreldra har samtykka til plasseringa og dei har fortsatt omsorgsansvaret for barnet. Når dette i motsetning ikkje er tilfellet, og foreldra ikkje samtykker til plassering, kan barnevernenesta, via fylkesnemnda overta omsorga for barnet og plassere det i fosterheim. Dette gjelder dersom vilkåra for det føreligger, som ikkje er ein sjølvfølge til tross for at vilkåra for frivillig plassering er tilstades (Barnevernlova, 1992, § 4-4 & § 4-12).

1.4 Lovverk

Barnevernlova regulerer ikkje samplassering av søsken i fosterheim. Det einaste som blir nemnd angåande søsken i lova, er i høve til omsorgsovertaking og retten til samvær mellom

søsken etter dette jf. BVL. § 4-16. Denne seier at barneverntenesta skal tilrettelegge for samvær med søsken der omsynet til barnet ikkje taler i mot det (Barnevernlova, 1992, § 4-16).

1.5 Oppgåvas struktur

Vidare vil oppgåva ha ein teoridel, ein metodedel, ein presentasjon av mine funn, ein drøftingsdel og til slutt ei avslutning. Metodedelen inneheld grunngjeving for valt metode med informasjon om litteraturstudie, mitt litteraturhierarki, korleis eg har utført litteratursøk, og ei grunngjeving for val av litteratur og kritisk vurdering av den. I teoridelen vil eg presentere relevant teori, samt forklare ulike omgrep som har relevans for drøftinga. Deretter presenterer eg resultat, og følgande drøfter eg resultata, teori og eigne tankar om temaet, før eg kjem med implikasjonar for praksis. Neste kapittel vil ta føre seg styrkar og avgrensingar ved oppgåva, før eg til slutt kjem med ei avslutning og ein konklusjon på problemstillinga.

2.0 Teori

I denne delen vil eg sjå på relevant teori for problemstillinga i oppgåva, og teorien som nyttast gir forklaringar av temaet som blir undersøkt. Formålet med å presentere teorien er for å gi ein forståing av temaet, samt å gjere det lettare å forstå kva som blir presentert i drøftingskapittelet.

2.1 Sampassering og splitting

Ellingsen et al. (2019) skriv at ved plassering i fosterheim av fleire barn, kan ein plassere søsken saman eller splitte dei i ulike heimar. Vidare kjem det fram at Bufdir har kome er ein anbefaling om at søsken bør plasserast saman, og dersom søsken ikkje bur saman, er det anbefalinga at det blir tilrettelagt for samvær og oppretthalde kontakten. Ellingsen et. al. (2019) skriv at desse to anbefalingane gjeld dersom det ikkje finst særlege grunnar imot det, men det er inga lov i lovverket som krev søskenplassering.

Vidare forklarar Ellingsen et. al. (2019) at splitting av søsken kan det vere det beste dersom det er ein dårlig relasjon mellom dei som er skadeleg for minst éin av søskena, eller når talet på søsken og deira belastingar er så omfattande at det ikkje er mogleg å finne ein fosterheim med kapasitet til å handtere dei. Ein skal ta avgjersle ut frå omsynet til barnets beste, og ei splitting blir rekna som uheldig eller problematisk dersom det skjer utan at ein kan grunngje at det er til barnas beste (Ellingsen et. al., 2019, s. 10).

2.2 Fordelar ved samplassering av søsken

Sundt (2020, s. 32) viser til at det kan vere fleire ulike årsaker for at barn blir flytta i fosterheim. Ho skriv vidare at mange av foreldra til dei barna dette gjelder er dårligare stilt i høve til økonomi, arbeidssituasjon og utdanning enn gjennomsnittet av befolkninga. Ho trekk fram manglande omsorgsevne og foreldreferdigheter som dei vanlegaste årsakene til at barn må flytte i fosterheim, og at det bak dette kan ligge problem i høve til foreldra si psykiske helse, foreldras rusmisbruk, fysisk og/eller psykisk mishandling, seksuelle overgrep eller materielle og sosiale problem. Sundt (2020, s. 32) fortel at årsakene blant dei eldre barna som blir flytta, kan vere deira eiga åtferd etter lengre tid med omsorgssvikt og hjelpetiltak som ikkje har hjelpt til med å betra situasjonen til barnet.

Det finst fleire studiar som viser at søsken klarar seg best i fosterheim dersom dei blir plassert saman. På den andre sida finst det studiar som viser det motsette, at det kan vere uheldig med samplassering, og det finst studiar som viser at det ikkje er noko forskjell om søsken blir flytta sammen eller kvar for seg (Bunkholdt, 2020, s. 185).

Bunkholdt (2020, s. 186) trekk fram kontinuitet som ein positiv faktor for samplassering. Ho forklarar omgrepet som at barna har ein samanhengande livshistorie med dei same menneska rundt seg i oppveksten og i livet. Vidare at denne kontinuiteten blir broten ved ei fosterheimspllassering, men då til det beste for barnet i den situasjonen. Bunkholdt (2020) forklarar at når denne kontinuiteten blir broten, mistar barna foreldra i kvardagen og dette kan tenkjast å vere sårt, men at ei samplassering saman med søsken kan vere ein kompensasjon for dette brotet. Med samplassering kan søsken trøyste og støtte kvarandre

gjennom saknet, og vere ein tryggleik i den nye situasjonen sidan dei allereie kjenner søskena sine godt og har tillit til kvarandre (Bunkholdt, 2020, s. 187).

2.3 Moglege ulemper ved samplassering av søsken

Når det er bestemt at eit barn skal flyttast i fosterheim forklarar Bunkholdt (2020) at det er ofte eit resultat av manglande eller dårlig omsorg frå omsorgspersonar. Ho skriv at dette kan påverke barna og føre til tilknytingsproblem, reduserte sosiale ferdigheter og vanskar med å kontrollere emosjonar og å akseptere grenser. Vidare forklarar Bunkholdt (2020) at barneverntenesta vurderer kor store og omfattande problem søskena har, og kor stor omsorgsoppgåve fosterforeldra vil få. Ho skriv at dersom fleire av søskena har større omsorgsbehov, kan dette bli for mykje for fosterforeldra og dei vil ikkje klare å utøve den omsorga og tryggleiken barna har behov for. Då er det eit alternativ Bunkholdt (2020) viser til at barneverntenesta finne fleire heimar til søskena. Sjølv om det kan verke valdsamt å skilje søskene på denne måten, kan det vere til barnas beste å redusere belastinga på fosterfamilien slik at dei kan utøve best mogleg omsorg for barnet.

Ifølge Christiansen et. al. (2016, s. 127) vil betre slutningar i høve til plassering utanfor heimen styrkast av auka kunnskap om kva vurderingane byggjer på. Dei forklarar vidare at dei samansette vanskane som barna og familiane erfarer, tilseier at barnevernet kan ta nytte av kompetanse som finst i andre fagmiljø utanfor barnevernet. Sjølv om det er manglar i omsorga til eit barn som oftast er hovudtema ved plasseringar, er det viktig å kjenne barnet sin situasjon og fungering på fleire arenaer og i fleire relasjonar enn dei som finst mellom barnet og foreldra (Christiansen et. al., 2016, s. 127).

2.4 Fem faglege prinsipp

Barnevernlova (bvl) byggjer på fem faglege prinsipp; omsynet til barnets beste, det biologiske prinsipp, mildaste inngreps prinsipp, barnas rett til medverknad og tilknytings- og relasjonskvalitet. Det er desse prinsippa som ligg til grunn for utøving av myndighet i tråd med barnevernlova, og er styrande for slutningane som blir tatt etter denne lova (Sundt, 2020, s. 49-50).

Omsynet til barnets beste er ein av dei viktigaste prinsippa i barnevernsutøvinga. Det er grunnleggjande ved alle barnevernfaglege vurderingar og avgjersler, og alle avgjersler som blir tekne om barnet skal vere til barnets beste (bvl, 1992). Sundt (2020, s. 49) skriv at prinsippet inneberer at ein alltid skal gjera ein konkret og individuell vurdering for kvart barn, for å finne den løysinga og den hjelpa som er til dette barnet sitt beste. Ho forklarar vidare at barnet sitt behov skal vektleggast meir enn foreldra sine rettigheter, og prinsippet legg til rette for bruk av skjønn, og det kan vera ulike vurderingar av kva som er barnets beste, både blant fagfolk, barn og foreldre.

Det biologiske prinsipp har vore ein grunnpilar i det norske samfunnet, òg i barnevernsamanheng ifølge Havnen (2016, s. 169). Havnen (2016) forklarar vidare at prinsippet inneber at det i utgangspunktet er best for barna å vekse opp saman med sine biologiske foreldre, og ved manglar i omsorga, skal desse helst møtast med hjelp til foreldra i heimen. Dersom barn blir plassert utanfor heimen kjem prinsippet fram ved samværsavtalar, som bestemmer at barna kan oppretthalde kontakten med familien (Havnen, 2016, s. 169).

Om det mildaste inngreps prinsipp skriv Havnen (2016, s. 170) at det omhandlar barnevernet sine undersøkingar og at inngrep ikkje skal vere meir omfattande enn naudsynt. Vidare at det, i likskap med det biologiske prinsipp, støttar òg dette prinsippet oppunder at barna i utgangspunktet har det best i eigen familie, og at barn og foreldre helst skal få hjelp i eigen heim. Prinsippet er ikkje lovfesta i lova, men kjem til dømes fram i barnevernlova § 4-12 andre ledd. Her regulerer prinsippet tiltaket ut frå situasjonen til barnet, at det må vere nødvendig før ein set inn eit slikt tiltak som er nemnd i paragrafen (bvl., 1992, § 4-12).

Sundt (2020, s. 50) forklarar at barnas rett til medverknad omhandlar retten barn har til å uttale seg og medverke, og at dei skal få moglegheit til å gi uttrykk for sine synspunkt, med etterhald om at dei er i stand til det. Ho skriv at barnet sine synspunkt blir vektlagt etter barnet sin alder og modnad. Og vidare forklarar ho at denne retten inneberer at barnet må

bli informert om sin barnevernssak, tilrettelagte samtalar med barneverntenesta og at ein dokumenterer barnet sine synspunkt (Sundt, 2020, s. 50).

Prinsippet om tilknytings- og relasjonskvalitet vil, ifølge Sundt (2020, s. 50) seie at det skal takast omsyn til barnet si utviklingsfremjande tilknyting, og dette omsynet kan gå foran det biologiske prinsipp. Ho forklarar at dette er for å hindre at barn veks opp under skadelege omsorgsvilkår, og skal sjåast i samanheng med barnet sin alder. Barnet må bli sikra eit godt samspel med og god tilknyting til foreldra eller andre omsorgspersonar (Sundt, 2020, s. 50).

2.5 Tilknyting

Smith (2017, s. 141) skriv om at tilknyting kan defineraast som eit varig emosjonelt band som foreinar eit barn med ein omsorgsperson over tid og på tvers av fysisk avstand. Han forklarar at ein tilknytingsperson kan formidla tryggleik når eit barn står overfor daglegdagse utfordringar, fungere som ei trygg hamn når barnet er utsett for stress eller trugslar og gi støtte for sjølvregulering når barnet finn seg i vanskelege situasjonar.

Ifølge Jacobsen (2020, s. 131) blir John Bowlby sett på som pioneren bak utviklinga av tilknytingsteori, og definerte barnets behov for omsorg og vern heilt frå fødselen av som heilt sentralt. Ho forklarar at i løpet av barnets første leveår utviklar det ein tydeleg preferanse for éin eller fleire nære omsorgspersonar, og i tillegg til å vere ein spesifikk åtferd, kan tilknyting defineraast som eit emosjonelt band som varar over tid. Vidare forklarar ho at barnet si tilknyting kan observerast spesielt ved to hendingar; når barnet er åtskilt frå omsorgspersonen, og når noko i omgjevnadane er skremmande for barnet. Ho skriv at barn som flyttar i fosterheim etter dei er rundt sju månader gamle, vil mest truleg allereie ha utvikla ein tydeleg observerbar tilknyting til foreldra sine. Ho meiner det vil vera avgjerdande for barnet si utvikling at det knyt seg til fosterforeldra som har den daglege omsorga for barnet. Jacobsen (2020, s. 131) skriv at John Bowlby hevda at dersom ein skapar kvalitative endringar i barnet sitt miljø, vil det skje ein lovmessig endring i barnet sin utvikling - dette gir optimisme i fosterheimsarbeidet.

Tilknyting i søskenrelasjonar er viktig, og Hestvik (2019) skriv at søskenkontakten vil mest truleg vere den kontakten med lengst varighet i livet. Ho påpeikar at det er påvist tilknytingsåtferd hos barn i forhold til søsken på same måte som barn viser i forholdet til mor som trygg base. Ho forklarar at på same måte kan eldre søsken opptre som beskyttar og omsorgsgivar overfor yngre søsken. Søsken kan utvikle sterk lojalitet til kvarandre når foreldra er fråverande, som overlevingsmekanisme (Hestvik, 2019).

2.6 Fosterheimsopplæring

Jørgensen og Skundberg (2020, s. 403) skriv at Trygg Base-modellen byggjer på tilknytingsteori og er tatt inn i PRIDE-opplæringa, som er Bufetat sitt opplæringsprogram for nye fosterforeldre. Dei forklarar at målet er å fremja utviklinga av tryggleik og resiliens. Vidare skriv dei at trygg Base hevdar at kvardagens gjentekne samhandling mellom fosterforeldre og fosterbarn som kan føre til ein positiv utvikling hos barnet. Ifølge dei skal modellen hjelpe fosterforeldre i å tilby særleg sensitiv omsorg som utviklar trygge og nære relasjonar.

Bufdir (2019) forklarar at PRIDE-opplæringa til Bufetat føregår på 30 timer, fordelt på enkeltsamlingar og/eller helgesamlingar. Ifølge Bufdir (2019) består undervisinga av teori, gruppeoppgåver, øvingar og rollespel, og i tillegg blir det snakka om andre sine erfaringar for å skape eit røyndomsbilete av korleis det er å vere fosterheim. Mellom samlingane arbeider ein med heimeoppgåver, og i tillegg er heimebesøk mellom samlingane ein del av opplæringsprogrammet. Dei forklarar at fosterheimstenesta har eigne PRIDE-kurs dersom ein skal eller ønsker å bli fosterforelder for eit barn ein kjenner eller er i slekt med, samt dersom ein ønsker å bli fosterheim for ein ungdom mellom 13 og 17 år.

3.0 Metode

3.1 Val av metode

Metode kan forklarast som verktøyet som blir brukt for å kome fram til kunnskap som kan hjelpe å svare på den valte problemstillinga. Ifølge Dalland (2020) er oppgåva si problemstilling eit utgangspunkt for val av metode (Dalland, 2020, s. 53). Eg har valt å bruke litteraturstudie for å svare på min problemstilling. Ein litteraturstudie vil seie at eg ikkje vil utføre eigen forsking kring emnet, men at eg nyttar allereie publisert relevant forsking og kunnskap som omhandlar temaet. Eg har teke i bruk litteraturstudie for å finne ut om samplassering er det beste for barnet. Ei avgrensing i bacheloroppgåva er at eg ikkje kan intervju barn. Difor tenker eg det beste er å undersøke publisert litteratur kring temaet, og det er grunnen til at eg har valt litteraturstudie.

Aveyard (2019, s. 2-4) skriv om litteraturstudie som ein omfattande studie og tolking av litteratur knytt til eit bestemt spørsmål. Det blir vidare forklart at litteraturstudie kan ein finne svar på ei problemstilling ved å søke etter, vurdere og analysere relevant litteratur på ein systematisk måte. Ifølge Aveyard (2019) er formålet med litteraturstudie å skaffe seg ny innsikt som berre er mogleg å tileigna seg når litteratur blir gjennomgått og satt i samanheng med kvarandre. Ho forklarar vidare at denne metoden er viktig i oppgåveskriving då den gir oss moglegheit til å utforske og summere opp store delar av litteratur som er tilgjengeleg innanfor ulike tema.

3.2 Litteraturhierarki

Ifølge Aveyard (2019, s. 65-66) er det avgjerande i ein litteraturstudie å finne litteratur og forsking som er best eigna til å svare på problemstillinga. Aveyard (2019) forklarer litteraturhierarki som ein viktig del av metoden då det byggjer på at nokre former for bevis er sterkare enn andre for å svare på oppgåva si problemstilling. Vidare skriv ho at forsking som er plassert øvst i hierarkiet blir vurdert som sterkare og meir gyldig enn forsking som er plassert nedst.

Problemstillinga mi søker etter om samplassering av søsken i fosterheim er for barnets beste, så eg plasserte eg kvalitative studiar og artiklar øvst i mitt litteraturhierarki. Dette er ein metode som brukast for å undersøke og beskrive menneske sine opplevingar og erfaringar (Helsebiblioteket, 2016). Vidare plasserte eg fagfellevurderte fagartiklar og rapportar. Nedst i hierarkiet plasserte eg tidlegare bachelor- og masteroppgåver med eit etterhald om at det skal vera primærlitteratur, altså at forfattaren sjølv samlar inn informasjon i intervju eller liknande med erfaring og/eller kunnskap.

3.3 Søkeprosess

Min søkeprosess starta med strukturerte søk etter relevant litteratur om temaet, og til dette har eg primært nytta søkedatabasen Oria, men òg Google Scholar, Idunn og Cinahl. Her prøvde eg først nokre norske søkeord, som «søsken i fosterhjem», «søskenplassering i fosterhjem», «søsken splittelse fosterhjem», og fekk lite treff. Eg valte då å gå over til engelske søkeord og prøvde til dømes «siblings in foster care», «sibling AND placed together in foster care» og «sibling relationships foster care», og fekk meir treff. Eg opplevde at det var svært lite relevant og dekkande litteratur på norsk, og har difor valt å søke med både norske og engelske søkeord. Ved søk har eg har søkt litteratur om fosterheim, søsken og samplassering med å knyte saman orda med AND i søkedatabasane, dette var for å berre inkludere litteratur om både søskenplassering og fosterheim.

For å avgrensa talet på treff på søka mine, har eg valt å lage nokre inklusjon- og eksklusjonskriterier:

1. Artiklane skal helst vere fagfellevurdert (I høve til lite forsking på temaet har ikkje dette vore eit absolutt kriterium).
2. Studiar som er gjort skal vere direkte, altså at forfattaren intervjuar informantar sjølv. På denne måten kan ikkje primærlitteraturen mistolkast.
3. Artiklane skal vere publisert etter år 2012.
4. Artiklane skal vere norske eller engelskspråkelege.
5. Artiklane skal vere kvalitative studiar.

Eksklusjonskriteriar blir då litteratur som er publisert før 2012, sekundær litteratur, ikkje engelsk- eller norskspråkelege og ikkje-kvalitative studiar.

Eg har valt å sjå primært etter fagfellevurdert litteratur, som ifølge Dalland (2007) vil seie at artiklane blir vurdert og godkjent av fagfolk innan same område før dei blir publisert. I tillegg har eg valt å avgrensa søket til å gjelde litteratur som er publisert frå 2012 til 2021/2022 i søka. Grunnen for at eg valte eit stort tidsrom var at eg tidleg såg at det var lite resultat og manglande forsking om temaet, som òg er grunnen til at eg har valt å inkludere engelsk litteratur. Artiklar publisert før 2012 har eg ikkje inkludert å då dei kan innehalde eldre informasjon som kan vere utdatert i dagens forsking. I høve til lite norsk forsking kring temaet valte eg å inkludere engelskspråkelege artiklar med å nytte engelske søkeord. Problemstillinga mi tilseier at kvalitative studiar er det beste alternativet for å kunne svare på den, som er grunnen til at eg valte å inkludere det i mine kriterier.

Samla sett henta eg inn i overkant av 15 artiklar frå dei ulike databasane. Eg las gjennom samandraga for å vurdere relevansen, og fant ut at fleire av dei ikkje var særleg relevante til problemstillinga. I tillegg falt enkelte ut i høve til kriteria om når dei blei publisert og at dei var kvantitative studiar. Nokre tok føre seg litt om temaet, men hadde hovudfokus på andre ting som slektslassering, raseforskellar i fosterheim osv., noko som ikkje var relevant til denne problemstillinga. Etter filtreringsprosessen sto eg igjen med fire relevante resultat; ein rapport, ei masteroppgåve og to artiklar. Etter strukturerte søk, som er sett opp i fullstendig oversikt i vedlegg 1, har eg vurdert og valt ut desse til å nytte i oppgåva; *Søsken og plassering i fosterhjem: Rapport om utfordringer, hindringer og tiltak ved søskenplassering i fosterhjem*, «*It's complicated.» Exploring the meaning of sibling relationships of youth in foster care*, «*Where's my sister? Siblings should have a statutory right to be placed together in foster care*» og «*Søskenplassering i fosterhjem: et kvalitativt studie om fosterforeldres erfaringer av samlassering av søsken*».

Eg føretok òg ustukturerte søk ved at eg nytta snøballmetoden. Denne metoden går ut på å undersøke i referanselister til litteratur eg meinte var relevant. Eg fant ikkje noko ny,

relevant og god nok resultat ved å nytte denne metoden for søk. Grunnen til at eg valte å gjennomføre ustrukturerte søk var for å vere meir sikker på at eg ikkje gjekk glipp av relevant litteratur.

3.4 Validitet og reliabilitet og kritisk vurdering

Ifølge Halvorsen (2008, s. 67) kan validitet gjengis med gyldigheit eller relevans. Omgrepet brukast til å beskrive om data som er samla inn er relevant i høve til problemstillinga vi arbeidar med. Vidare skriv han at dersom det kan tvilst på om variablane som kjem fram frå undersøkinga reflekterer dei teoretiske omgrep ein tek utgangspunkt i, er det eit spørsmål om validitet.

Halvorsen (2008, s. 68) skriv at reliabilitet fortel oss om kor pålitelege målingane ein har gjort er. Han peikar på at høg reliabilitet tyder på at uavhengige målingar skal gi tilnærma likt resultat. Vidare presiserer han at dersom ein skal oppnå dette, må ledda i måleprosessen være nøyaktige. Til slutt forklarar Halvorsen (2008, s. 68) at høg reliabilitet er ein naudsynt føresetnad for at data skal kunne brukast for å teste ein hypotese som er stilt.

For å sikre god kvalitet har eg brukt kriterier, som tidlegare nemnd. Eg føler litteraturen eg har valt ut er relevant til mi problemstilling og av god kvalitet. For ei utdjuping av min kritiske vurdering, sjå vedlegg 2.

4.0 Presentasjon av litteratur

I denne delen vil eg gå gjennom valt litteratur og presentere resultat frå mine funn. Til slutt vil eg analysere kva dei ulike artiklane har som likskapar og ulikskapar i høve til resultat og funn.

4.1 Artikkkel 1 - Falch-Eriksen

Falch-Eriksen (2017) gjennomførte eit forskingsprosjekt på eit oppdrag frå Barne-, ungdoms- og familielidirektoratet. Målet hans var å kartlegge utfordringar og hindringar for barnevernet i saker som omhandlar plassering av søsken i fosterheim. Rapporten bygger på ein kvalitativ undersøking frå april til mai 2017, og det vart nytta eksplorande semi-strukturerte intervju. Falch-Eriksen (2017) intervjuja ulike informantar som har god kjennskap til omsorgsplassering i fosterheim med formål om å få svar på problemstillinga si om kva slags utfordringar og hindringar som står i vegen for søskenplassering i fosterheimar.

Rapporten viser at det er fleire utfordringar knytt til søskenplassering i fosterheim, og den største og mest grunnleggande er at politiske føringar og fortolkingar av menneskerettigheter og kva rettar barn har av familieliv ikkje blir uttrykt i den operative delen av barnevernet. I tillegg finn Falch-Eriksen (2017) at mangelen på tilgang til fosterheim er ein av grunnane til at søskenplassering kan vere ein utfordring. Samstundes blir det trekt fram at dei økonomiske rammene ikkje sikrar tryggleik og føreseieleighet som trengst. Han skriv at mangelen på fosterheim går ikkje berre på plassering av heile søskenflokkar, men det omhandlar òg om suksessive plasseringar. Det er plasseringar der først eitt barn blir tatt ut av heimen, før det neste barnet blir teken ut seinare (Falch-Eriksen, 2017, s. 32).

Storleiken på søskenflokkene er òg ei utfordring i plasseringssituasjon, ifølge Falch-Eriksen, 2017). Først og fremst vil ein heil søskenflokke setje større krav til omsorgsarbeid og då krev det meir kompetanse frå fosterfamilien, og samstundes forklarar han at store søskenflokkar innebere større kompleksitet. Dette kan vere tilfelle då mange barn slit midlertidig eller over lengre tid med utfordringar, og at dette kan påverke dei andre søskena. Ifølge ein av informantane til Falch-Eriksen (2017) verkar terskelen for å splitte ein søskenflokke låg, og det trumfar kva ein i dag veit om dei positive effektane av å bli plassert saman med søsken (Falch-Eriksen, 2017, s. 33).

I rapporten kjem Falch-Eriksen (2017) med fleire utfordringar og hindringar i høve til søskenplassering i fosterheim. Til dømes kan kvaliteten på søskenforholdet vere vanskeleg å

bedømme, barna kan trenge kvar si einskilde oppfølging, det er uvisst korleis barna får ytre seg i søskensplasseringssaker.

4.2 Artikkel 2 - Wojciak

I artikkelen «*It's complicated*» *Exploring the meaning of sibling relationships of youth in foster care* har Wojciak (2016) gjennomført ei kvalitativ undersøking for å kartlegge betydinga søskens kan ha for barn i fosterheim. Undersøkinga byggjer på problemstillinga: «*Kva betyr ein bror eller søster for unge i fosterheim?*».

Wojciak (2016) trakk fram fem hovudtema ut frå resultata, nemleg *bond, dependable, fulfillment, despair og separation*. Ifølge Wojciak (2016) vil *bond* vil seie forholdet til søskenen. At søskenen betyr mykje for unge i fosterheim og gjer at ein kjenner seg mindre åleine og eit at nokon bryr seg. *Dependable* går på at søskenen er der for deg når ingen andre er det, ein har felles historie og nokon å sjå opp til. *Fulfillment* betyr at søskenen er ei kjelde til ubetinga kjærleik, nokon som gir håp og glede. *Despair* vil seie å vere trist og fortvila over å vere fråskilt frå søskenen, fortviling over at ein kanskje aldri vil sjå søskena igjen. Siste tema blei kalla *separation* og barna forklarte om at grunna separasjon frå søskenen fekk dei eit komplisert forhold, og at det kan gjere det lettare å skyve søskenen vekk frå seg for å unngå å bli trist over å bli skilt (Wojciak, 2016, s. 1286-1288).

Resultata til Wojciak (2016) viser at søskenen utviklar eit band som viser at dei er saman og ikkje åleine, dei har ein spesiell tilknyting. Dei har nokon å støtte seg på og nokon som forstår dei. Resultata viser òg at søskensforholdet kan bli komplisert for barn i fosterheim. Ungdommane i undersøkinga fortel om kva søskenen betyr for dei, og korleis det er å vere separert kan verke inn på forholdet. Ungdommane diskuterte korleis forholdet mellom søskena er avhengig av samværet mellom dei og korleis mangelen av kontakt pregar forholdet deira (Wojciak, 2016, s. 1290).

4.3 Artikkelen 3 - Clark

Artikkelen er skriven av Clark (2017), som er ein domstolsoppnemnd spesialadvokat. Denne artikkelen blei publisert i det vitskapelege tidsskriftet Family Law Quarterly og Clark (2017) argumenterer for at søsken bør ha ei lovfesta rett til å bli plassert saman i fosterheimsystemet. Clark (2017) trekk fram at lova og domstolar i fleire tilfelle set fokus på familieband som foreldreskap og ekteskap, men at dette ikkje blir like viktig i andre familieband som til dømes søskenforhold. Artikkelen trekk fram at lova må utbetrast til å gjere meir enn den gjer i dag for å beskytte søsken når ein familie fell frå kvarandre (Clark, 2017, s. 117-118).

Ut frå det Clark (2017) meiner, er viktigheita av søskenforhold mykje viktigare enn kva loven gjer det til då søsken ofte har eit spesielt band til kvarandre, og har potensialet til å vere ekstra betydingsfulle, støttande og gi kjærleik, glede og tilknyting i livet til kvarandre. Eit søskenforhold er ofte eit av dei lengste forholda folk vil oppleve, og eldre søsken som ikkje har oppretthaldt kontakt og forhold med sine søsken identifiserer ofte dette fråveret som ei kjelde til enormt anger og tap (Clark, 2017, s. 119).

Spesielt i fosterheim er søskenforhold særskilt viktige, og Clark (2017) trekk fram eigne erfaringar som spesialadvokat om korleis søsken er i stand til å stole på kvarandre i nye heimar og fant støtte i kvarandre i situasjonen. Fosterforeldra meinte òg det same, faktisk heile 45 % av fosterforeldra meinte at barn som blei plassert saman med søsken var lettare å fostre fordi dei kjente seg trygge med søskena rundt (Clark, 2017, s. 119-120). Til tross for dette er det inga rett som beskyttar søskenrelasjonen og sikrar samplassering. Fleire av statane i artikkelen til Clark (2017) spesifiserer at dei må gjere rimelege forsøk på å plassere søsken saman, men «rimeleg» er ikkje definert, og forklarar ikkje kva som må vere gjort for at forsøket skal kunna sjåast som rimeleg. Dette vil variere frå saksbehandlar til saksbehandlar ut frå skjønn og kva tolkingar dei har av kva som er rimeleg innsats (Clark, 2017, s. 124-125).

Med å lovfeste retten til samplassering kan det føre til både positive utfall og kome med avgrensingar. Av positive utfall trekk Clark (2017) fram at søsken bør få halde saman av

kjenslemessige årsaker. Det kan gi barna den stabiliteten dei treng i ein ny og ukjent heim, barna kan trenge søsken for tilknyting, og det vises at barn som er samplassert med søsken viser færre åtferdsproblem. Dersom barn har ein lovlista rett til å bli samplassert, kan det føre til at plasseringsmoglegitetene blir mindre og avgrensa. Det kan vere familiar som er villige til å ta inn eitt eller to barn, men ikkje fleire. Det kan vere barn som av ulike grunnar ikkje ønsker å bli plassert saman med søsken, dersom søsken har dårlig innverknad på kvarandre eller ein øydeleggande relasjon (Clark, 2017, s. 128-129).

Clark (2017) kjem med fleire forslag til korleis ein kan fremja retten til søsken og deira moglegheiter til å bu ilag i fosterheim. Å gi insentiv til familiar til å ta imot søsken, gi ekstra ressursar som familiar kan trenge når dei tek inn søskenflokkar, og spesifisere behov for å ta inn søsken ved rekruttering av fosterfamiliar. Ein kan òg få opplæring, både fosterforeldre og sosialarbeidarar, i kor viktig det er for søsken å halde saman. Alt i alt konkluderer artikkelen med at søsken bør ha ein lovlista rett til å bli plassert saman i fosterheim grunna den stabiliteten eit søsken kan gi. Sjølv om det kan gi meir arbeid for barnevernstillsette, så konkluderer Clark (2017) med at det er verdt det for barna som blir ein del av fosterheimsystemet (Clark, 2017, s. 131-132).

4.4 Artikkel 4 – Gundersen

Studien til Gundersen (2017) omhandlar å tilegne seg kunnskap og forståing av fosterforeldra sine erfaringar med å ha søsken som er plassert i same fosterheim, spesielt korleis samplassering verkar inn på barna sine individuelle behov. Gundersen har gjennomført ein kvalitativ studie med semistrukturerte intervju av fem fostermødre som har biologiske søskenpar i langvarig plassering (Gundersen, 2017, s. 3, 10)

I studien kjem det fram at nokre intervupersonar hadde sjølve uttrykt ønske om å ta imot søsken, og andre hadde fått førespurnad frå barneverntenesta eller Bufetat. Blant dei som ønska å ta imot søsken, var tanken om at barna hadde støtte og tryggleik i kvarandre eit motiv bak ønsket. Gundersen (2017) skriv at dei som fekk førespurnad fortalte at det var i hovudsak grunna manglande tilgang på fosterheim med kapasitet til å ta imot søsken. Plass i

heimen, moglegheit og kapasitet til å ta imot søskenplassering var ein felles faktor for alle intervupersonane, både dei som fekk førespurnad og dei som sjølve ønska å ta imot barn og unge (Gundersen, 2017, s. 46-47).

Gundersen (2017) viser til fire behov som utmerka seg som særs viktige, nemleg tryggleik, kontinuitet, omsorg og tilknyting. Ut frå datamateriale som Gundersen (2017) har henta inn, viser det seg at samplassering både kan ha positiv og negativ innverknad på desse behova. Dette kan, ifølge Gundersen (2017) bety at utfallet av plasseringa er avhengig av fleire ulike element på individnivå, til dømes kor stort omsorgsbehov barna kjem med, deira åtferdsproblem og tidlegare traumatiske opplevingar. I tillegg spelar forholda rundt fosterfamilien og/eller fosterforeldra inn, og det kan også vere både risiko- og vernefaktorar her. Studien fortel at intervupersonar trakk fram søskenforhold som viktig, at eit mogleg risikomoment var konflikt mellom søskena (Gundersen, 2017, s. 76-78).

Til tross for moglege risikofaktorar, viste studien til Gundersen (2017) at i lys av fosterforeeldras vurderingar kan det verke som at vernefaktorane kan vege opp for risikofaktorane. Samstundes ser ein at risikofaktorane kan vere så store og ulike at dei samla blir for omfattande i forhold til vernefaktorane. Intervupersonane i studien la vekt på ulike faktorar som avgjerande, og dette gav ulike tyngd til dei ulike risiko- og vernefaktorane. Samt var dei ueinige om enkelte element var positive eller negative for barnas behov. Studien viser at det er variasjonar i om søskenplassering er det beste for barnas individuelle behov, og at vurderingar om samplassering av søsken kan vere lettare dersom det til dømes er ein såpass destruktiv relasjon mellom søskena at det å plassere dei saman vil vere skadeleg for barna (Gundersen, 2017, s. 77).

4.5 Analyse av artiklane

For å trekke ut relevante tema frå artiklane og kategorisere informasjonen, gjorde eg ein analyse av dei. Eg brukte Aveyard (2019) sin analyseprosess som hjelp. Første steg var å trekke ut tema som er relevante til min problemstilling, og deretter samla eg tema som kan

drøftast med kvarandre frå artiklane. Tabellen nedom viser korleis eg gjekk fram med analyseprosessen. Med denne prosessen kom eg fram til drøftingstemaene i neste kapittel.

	Fosterheimsmangel	Viktigkeit av tilknytinga og søskenrelasjon	Konkluderer med at samplassering er til det beste for barna
Falch-Eriksen (2017)	X		
Wojciak (2016)		X	
Clark (2017)	X	X	X
Gundersen (2017)	X	X	

5.0 Drøfting

Målet med oppgåva er å undersøke om samplassering av søsken er til barnas beste. Oppgåva innehold fire artiklar som har gjennomført studiar kring temaet, og i desse har nokre tema gått igjen. Eg vil no drøfte desse temaene med tidlegare presentert teori, samt eigne tankar og refleksjonar.

5.1 Mangel på tilgang til fosterheim med kapasitet til søskenplassering?

Ifolge fleire av studiane over, så ser vi at mangel på fosterheim kan vere ei hindring for samplassering av søsken. Falch-Eriksen (2017) trekk fram mangel på fosterheim til søsken, og at storleiken på søskenflokken er vesentleg. Det er forståelig då det naturlegvis blir stilt meir krav til fosterforeldra i høve til ein samplassering av fleire søsken. Dette kjem òg fram i Gundersen (2017) sin studie, der fosterforeldre har fått direkte førespurnad om å ta imot søsken grunna manglande tilgang. Dersom ein får spørsmål direkte om å ta imot søsken, kan ein moglegvis føle på eit ansvar om å seie ja. Fosterforeldra kan eventuelt frykte å ikkje bli

vurdert som aktuelle eller oppfattast som negative til plassering dersom ein seier nei. Det kan krevje ein del å ta imot større søskjenflokkar, ein må ha moglegheit til det i kvardagen med tanke på jobb, ein må ha plass i heimen og ikkje minst må fosterforeldra ha kapasitet til barna og deira individuelle belastingar. Det kan difor vere uheldig dersom fosterforeldra seier ja utan å verkeleg vere klare for det, ha nok kunnskap eller vere rusta til å ta imot søskjenplassering.

I artikkelen til Clark (2017) kjem ho fram til ein konklusjon om at søskjenplassering bør vere ein lovfesta rett. Dersom vi ser denne konklusjonen opp mot Falch-Eriksen (2017) og Gundersen (2017) sine studiar, så kan vi sjå ein ueinighet då dei to sistnemnde skriv om mangel på fosterheim som ein utfordring i samplassering av søsknen. Dersom det var ei lov om å plassere søsknen saman, ville barna i mange tilfelle vore sikra ein tryggleik og ei støtte i eit familiemedlem med å ha med søsknen i heimen. Men det ville òg ført til meir arbeid og vanskar for barnevernstilsette i arbeidet med å finne fosterheimar med kapasitet til søsknen. Samstundes ville truleg omsynet til barnets beste blitt oversett eller nedprioritert i mange tilfelle, noko som er alvorleg. I tillegg kjem dei tilfella der barna sjølve ikkje vil bli plassert saman inn. Dersom samplassering er lovpålagt, vil barnas meininger bli oversett og ein kan ikkje sikre gode plasseringar med positive utfall.

Gundersen (2017) skriv om verne- og risikofaktorar i høve samplassering. Ho viser til at ei samplassering kan gi barna tryggleik, omsorg, og hjelpe å halde på kjensla av kontinuitet, noko vi òg ser i studien til Wojciak (2016). Dette er faktorar som taler for å plassere barna saman, og som viser at barna treng kvarandre i ein fosterheimssituasjon. På den andre sida, kan det føre til negative utfall om søsknen blir plassert saman viss vi berre tek utgangspunkt i desse faktorane. Dersom søsknen blir plassert saman på hovudgrunnlag av desse og at ein skal vektlegge det biologiske prinsipp, men fosterforeldra eigentleg ikkje har kapasitet til søskjenplasseringar, vil det ikkje bli det beste for barna. Det kan handle om plass i heimen, at fosterheimen er for liten for søskjenflokkene, og det blir ein ugunstig busituasjon for dei. Eller så kan utfalle bli at barna bur i ein heim med fosterforeldre utan overskot til å sjå og ta del i barnas liv, noko som ikkje kan seiast å vere det beste for barna.

Korleis kan ein forbetre mangelen på fosterheimar med kapasitet til søskennplassering slik at det blir til barnets beste? Eit alternativ kan vere å endre på opplæringa fosterforeldre får, som blir kalla «PRIDE». Det er eigne kurs for slektsplassering og for ungdom mellom 13 og 17 år, men inga eiga opplæring for fosterforeldre til å ta imot søskan. Dersom det var inkludert eller eit eige kurs, kunne moglegvis fosterforeldre vore meir rusta og klare for å ta imot søskan. Eg tenker det kan vere eit godt alternativ for å betra utfalla av samplassering av søskan. Clark (2017) kjem inn på dette i sin artikkel. Ho presenterer eit forslag om at både fosterforeldre og sosialarbeidarar bør få opplæring om viktigheita om å halde søskan samla, samt presisere behovet for å ta imot søskan under rekruttering av fosterforeldre. I dette trekk ho søskenrelasjonen og tilknytinga dei imellom inn, og viktigheita av korleis eit søskan kan hjelpe å stabilisere situasjonen. Det kan vere utfordrande å konkludere med at ein samplassering er til barnets beste. For å kunne vere sikker, bør ein gjere ein god oppfølgingsjobb i fosterheimen. Dersom saksbehandlaren følger fosterforeldra og heimen godt opp, vil hen betre kunne vurdere både søskenforholdet, fosterheimen og om det fortsatt er til barnas beste å bu saman over tid.

5.2 Tilknyting mellom søskan opp mot barnets beste og prinsippa

Tilknytinga mellom søskan er ein viktig faktor til at ein ønsker samplassering i fosterheim. Undersøkinga til Wojciak (2016) viser at søskan er svært viktige for kvarandre, dei er ein støtte med felles historie, nokon å lene seg på og ei kjelde til vikårslaus kjærleik. Det kan vere ein god tryggleik å ha med eit eller fleire søskan i eit fosterheimsopphald. I tillegg fortalte ungdommane om at søskenforholdet er avhengig av kontakt og samvær, og dersom ein er splitta i ulike fosterheimar vil mangel på kontakt verke negativt inn på forholdet. Det finst ikkje noko lov om å halde søskan samla i fosterheim, men vi har ulike prinsipp som skal vektleggast i slutninga, som det biologiske prinsipp. Når vi snakkar om det biologiske prinsipp er det fort å tenke på samværet mellom foreldre og barn, og ikkje mellom søskena. Dette kjem Clark (2017) inn på i sin artikkel, og meiner at lova må utbetrast til å gjelde meir for å beskytte søskan i saker der barna må flytte frå foreldra. Ho meiner at søskan si tilknyting og forholdet mellom dei kan gi såpass tryggleik og stabilitet i ein fosterheimssituasjon at dei utelukkande bør plasserast saman. Som tidlegare nemnd kan

søsken utvikle sterk lojalitet til kvarandre, og eldre søsken kan opptre som ein beskyttar for yngre søsken (Hestvik, 2019). Dersom ein då blir splitta i to ulike heimar vil dei eldre søskena som er vane til å beskytte yngre søsken mogleg kjenne på ei uro kring korleis dei klarar seg.

Å bli skilt frå foreldra kan vere skremmande og ei stor påkjenning, og å ha eitt eller fleire søsken som støtte kan i mange tilfelle vere ein tryggleik. Ifølgje Clark (2017) meinte heile 45 % av fosterforeldra at søsken var lettare å fostre nettopp fordi dei hadde tryggleik i søsken rundt. Men er det til barnets beste i alle høver? Dersom ein saksbehandlar vektlegg det biologiske prinsipp og viktigheita av tilknyting som barnets beste, vil hen plassere søsken saman. Om det så viser seg at søskena har eit stort konfliktnivå mellom seg, kan det vere ein negativ faktor både for deira forhold og for fosterforeldra. Det vil krevje meir av fosterforeldra i høve til stå i konflikten og konfliktløysing. Om fosterforeldra ikkje klarar det, vil konflikten moglegvis kunne øydelegge forholdet mellom søskena, og ein kan ende med å måtte flytte ein av søskena ut frå heimen. Kan dette seiast å vere til barnets beste? På den eine sida får barnet ein ny heim utan søsken, og dermed då utan konflikt, noko som vil vere ein fordel for utviklinga til barnet. På den andre sida må barnet gjennom to flyttingar i to ukjente heimar, og gjennom to separasjonar – ein frå foreldra, og ein frå søsken. Dette stridar ikkje berre mot barnets beste, men òg mot eit anna prinsipp; mildaste inngreps prinsipp. Ein flytting ut frå heimen er ei alvorleg slutning, og dersom eit barn må gjennom situasjonen fleire gonger, kan det vere vanskeleg å forsvara at mildaste inngreps prinsipp er følgt.

Fleire av artiklane trekk fram søskenforholdet og tryggleik som faktorar for samplassering. Dette kan gi både barna og fosterforeldra ein lettare jobb i heimen dersom barna frå starten av kjenner seg trygge. Dette ser vi i Wojciak (2016) sin artikkel, at søsken er ein støtte for kvarandre og gjer at ein kjenner seg mindre åleine. Ungdommane i studien fortalte om kompliserte søskenforhold ved plassering i ulike fosterheimar grunna mangel på kontakt og at ein bekymra seg for søsken i andre heimar, og då redsel for å ikkje få sjå søskena igjen. Vi kan tenke oss at det kan verke inn som ei ekstra belastning for barna, og gjere fosterheimsopphaldet vanskelegare dersom ein i tillegg bekymrar seg for søsken. På den

andre sida fortel fosterforeldra i studien til Gundersen (2017) om at i enkelte tilfelle kan risikofaktorane hos barna vere så store og ulike at dei blir for omfattande for vernefaktorane. Dersom søsken har svært ulike behov og store individuelle belastningar, vil det vere ein vurdering om dei bør plasserast saman eller splittast. Dette kan tenkast både i høve fosterforeldra og for søskena sin eigen del. Dersom søskena har store vanskar, vil det sette større krav til fosterforeldra i høve til omsorgsarbeid og evne til å tilpasse seg for å møte dei ulike behova dei har. Samstundes kan det vere at eit eldre søsken, som har stått i omsorgssvikt lenger enn yngre søsken, har større plagar og vanskar. I enkelte høve kan det verke prege dei andre søskena, og påverke dei negativt.

Falch-Eriksen (2017) skriv at det er usikkert korleis barn får ytre seg i søskenplasseringssaker. Om ikkje barna får uttale seg om deira synspunkt og kva dei ønsker, er dette eit brot på deira rett til å medverke i saker som angår dei sjølve. Eit barn, som av alder og modnad er i stand til å seie kva det ønsker, om det ønsker å bli plassert med eit søsken i fosterheim eller ikkje, skal få vektlagt sine meningar. Det kan tenkast at utfalla av fosterheimspllasseringar moglegvis kunne vore betra dersom søsken sjølv kan få medverke og ytra kva dei ønsker. Det er tross alt barna som skal flytte, og deira meningar bør stå sentralt.

5. 3 Implikasjonar for praksis

Dei fire artiklane eg har nytta i denne litteraturstudien viser at samplassering av søsken kan både gi negative og positive utfall. Eitt eller fleire søsken kan vere ein tryggleik for nokre barn i fosterheimssituasjon, men ei påkjenning for andre. Eit negativ utfall i fosterheim kan bety at eitt eller fleire søsken må flytte vidare til ny heim, og det kan føre til ekstra belastning for barna. Eventuelt at ein blir splitta, og barna som eigentleg treng den tryggleiken i eit søsken, ikkje får det. Ved ei splitting kan det òg vere usikkerheit kring korleis andre søsken har det. Dette kan gi store konsekvensar seinare i livet, og med dette i mente er det viktig at ein gjer gode vurderingar angåande om ei samplassering eller splitting er det beste i høve til kvart søsken.

6.0 Styrkar og avgrensingar i oppgåva

Ein styrke ved oppgåva er at det er gjennomført strukturerde litteratursøk i fleire databaser. Dette gir ei føresetnad om å finne best mogleg resultat, som er sikre og relevante for oppgåva.

Ei ulempe i oppgåva er at eg har valt å inkludere ei tidlegare masteroppgåve, og denne blei inkludert basert på sterkt relevans. Ein fordel er at forfattaren sjølv har gjennomført intervju, men sidan det er litteratur som ikkje er fagfellevurdert kan eg ikkje vere sikker på kvaliteten, og det blir ein avgrensing i mi oppgåve.

Ei anna avgrensing kan vere språkbasert då eg har valt å inkludere to engelske artiklar grunna lite resultat i norsk forsking angåande temaet. Dette kan føre til at eg misforstår deira forsking og resultat, og difor kan gå glipp av eller mistolkar viktig informasjon.

I oppgåva er det inkludert fire artiklar for å svare på problemstillinga. Dette kan gi ei avgrensing i resultata mine, då desse fire artiklane, sjølv om dei peikar på mykje likt, ikkje representerer heile befolkninga.

7.0 Avslutning

I denne oppgåva har eg sett på om samplassering av søsken i fosterheim er til barnets beste. Gjennom arbeidet med bacheloroppgåva har eg tileigna meg meir kunnskap om fosterheimspllasseringar av søsken. Ved å nytte strukturerde søk har eg funne fire artiklar som med sine studiar og resultat forska dette temaet. Resultata viser at dette er eit sentralt tema der fleire ulike faktorar spelar inn for utfallet.

7.1 Konklusjon

Eit viktig omgrep i oppgåva, og problemstillinga, er barnets beste. Det er barnet som er sentralt i ei fosterheimsflytting, og det er barnet som flyttar frå sine trygge omgjevnader og omsorgspersonar. Difor skal desse slutningane om samplassering takast i omsyn til barnets beste. Det er vanskeleg å konkludere med kva som er det beste for barnet i høve samplassering av søskjen i fosterheim, då alle barn er ulike og har forskjellige behov. Ei samplassering av ein søskenflokk kan vere det beste for desse barna, men for ein anna søskenflokk vil moglegvis splitting vere det beste. Eg kan difor konkludere med at samplassering av søskjen ikkje er til barnets beste i alle høver. Med andre ord er det viktig for tilsette i barnevernet å vurdere kvart enkelt barn sine behov og ønsker godt før ein avgjer om ein skal plassere søskena samla eller kvar for seg. Samt er det essensielt at barna får uttale seg om deira ønsker då det i mange tilfelle er barna sjølve som veit kva dei treng og kva som er deira beste.

Bibliografi

Andresen (red.), J. F. (2019, Januar). *Det å reise vasker øynene - Gjennomgang av 106 barnevernsaker*. Helsetilsynet:

https://www.helsetilsynet.no/globalassets/opplastingar/publikasjoner/rapporter2019/helsetilsynet_rapport_unummerert_gjennomgang_106_barnevernsaker.pdf

Association, A. B. (u.d.). *Family Law Quarterly*. Americanbar:

https://www.americanbar.org/groups/family_law/publications/family-law-quarterly/

Aveyard, H. (2019). *Doing a litterature review in health and social care: a practical guide* 4. utg. Open University Press.

Barne- og Familidepartementet. (1989, November 20). FN's konvensjon om barnets rettigheter:

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdf/v/178931-fns_barnekonvensjon.pdf

Barnevernlova. (1992, 01 01). *Lov om barneverntjenester (LOV-1992-07-17-100)*. Lovdata:
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100>

Bendiksen, L. R. (2008). *Barn i langvarige fosterhjemsplasseringer - foreldreansvar og adopsjon*. Fagbokforlaget.

Bufdir. (2019, November 14). *PRIDE grunnkurs: opplæring for fosterforeldre*. Bufdir:
https://www.bufdir.no/fosterhjem/Hvordan_bli_fosterhjem/Delta_pa_kurs/Pride_grunnkurs/

Bunkholdt, V. (2020). Når søsken skal flytte i fosterhjem. I H. Sundt (red.), *Fosterhjemshåndboka* (7.utg.) (ss. 186-188). Kommuneforlaget.

Christiansen, Ø., Iversen, O., & Kojan, B. H. (2016). Beslutninger om plassering utenfor hjemmet. I Ø. Christiansen, & B. H. Kojan (red.) , *Beslutninger i barnevernet* (s. 127). Universitetsforlaget.

Clark, A. C. (2017). Where's My Sister? Siblings Should Have a Statutory Right to Be Placed Together in Foster Care. *Family Law Quarterly*, Vol. 51, No. 1, Spousal Support in Practice: An Update, ss. 117-132.

Dalland, O. (2007). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving* 7. utg. Gyldendal.

Ellingsen, D., Kjelsaas, I., Bruvoll, A., Maria, G. K., Hølseth-Gilje, K., & Backe-Hansen, E. (2019). *Uønsket deling av søskenflokker*. Menon Economics.

Falch-Eriksen, A. (2017). *Søsken og plassering i fosterhjem: Rapport om utfordringer, hindringer og tiltak ved søskenplassering i fosterhjem*. NOVA - velferdsforskningsinstituttet .

fosterhjem, F. o. (2003, Desember 30). *Forskrift om fosterhjem (FOR-2003-12-18-1659)*. Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2003-12-18-1659>

Gundersen, R. C. (2017, Juni 1). *Søskenplasseringer i fosterhjem: Et kvalitativt studie om fosterforeldres erfaringer av samplassering av søsken*. Universitetet i Stavanger: https://uis.brage.unit.no/uis-xmlui/bitstream/handle/11250/2459910/Rikke_Masteroppgave_Ferdig.pdf?sequence=1&isAllowed=y

Halvorsen, K. (2008). *Å forske på samfunnet - en innføring i samfunnvitenskapelig metode* 5.utg. Cappelen akademisk forlag.

Havnen, K. J. (2016). Familieråd som beslutningsmodell i barnevernet. I Ø. Christiansen, & B. H. Kojan, *Beslutninger i barnevernet* (ss. 169-170). Universitetsforlaget.

Helsebiblioteket. (2016, Juni 07). *Kvalitativ metode*. Helsebiblioteket: <https://www.helsebiblioteket.no/kunnskapsbasert-praksis/kritisk-vurdering/kvalitativ-metode>

Helsebiblioteket. (2016, Juni 3). *Sjekklist*. Helsebiblioteket: <https://www.helsebiblioteket.no/kunnskapsbasert-praksis/kritisk-vurdering/sjekklist>

Hestvik, E. (2019, April 26). I blant må søskene splittes . *Fontene*.

Jørgensen, O., & Skundberg, E. (2020). Veiledning av fosterforeldre. I H. S. (red.), *Fosterhjemshåndboka* (7.utg.) (ss. 403-409). Kommuneforlaget.

Lindboe, K. (2008). *Barnevernrett* 5. utg. Universitetsforlaget.

Oftedahl, M. (u.å.). *Frivillig plassering i fosterhjem*. Fosterhjemsforening:
<https://www.fosterhjemsforening.no/wp-content/uploads/2020/06/FK-3-20-Frivillig-plassering-i-fosterhjem.pdf>

Sundt, H. (2020). Fosterbarna - bakgrunn og omfang (7.utg.). I H. S. (red), *Fosterhjemshåndboka* (ss. 32-33). Kommuneforlaget.

Sundt, H. (2020). Hva styrer fosterhjemsomsorgen? I H. S. (red.), *Fosterhjemshåndboka* (7.utg.) (ss. 49-50). Kommuneforlaget.

Wojciak, A. S. (2016, Desember 16). 'It's complicated.' Exploring the meaning of sibling relationships of youth in foster care. *Child & Family Social Work*, ss. 1283-1291.

Vedlegg

Vedlegg 1: Søkelogg

Database	Søkeord	Tal på treff	Kommentar til søk	Inkluderte artiklar
Oria	Søsken AND fosterhjem	64	Valte å avgrensa til fagfellevurderte tidsskrift og artiklar mellom 2000-2021. Resultat: 45 treff	
Oria	Sibling foster care AND joint placement	2419	Avgrensa til fagfellevurdert og publisert mellom 2012 og 2022 med «foster care» som emne. Resultat: 85 treff	Las samandrag på dei fem første, valte å inkludere: ‘It's complicated.’ Exploring the meaning of sibling relationships of youth in foster care
Oria	Sibling placement AND foster care	15708	Avgrensa til fagfellevurdert og publisert mellom 2012 og 2022 med «foster children» som emne. Resultat: 238 treff	Las samandrag (abstract) på dei første fem, men ingen inkludert grunna relevans og nr. 2 er allereie brukt.

Oria	Siblings AND placed together foster care	21288	Avgrensa til fagfellevurdert publisert mellom 2012 og 2022 og med «foster care» som emne. Resultat: 377	Las samandrag på dei fem første, valte å inkludere: Where's my sister? Siblings should have a statutory right to be placed together in foster care
Google Scholar	Joint sibling placement AND foster care	2415	Avgrensa til fagfellevurdert publisert mellom 2012 og 2022, og med «foster care» som emne. Resultat 159 treff	Las samandrag (abstract) i første fem, men ikke relevante eller passande, og nr. 5 var allereie inkludert.
Google Scholar	Søskenplassering i fosterhjem	34	Avgrensa til publisert mellom 2012 og	Søsken og plassering i fosterhjem:

			<p>2022.</p> <p>Resultat: 29 treff</p>	<p>Rapport om utfordringer, hindringer og tiltak ved søskenplassering i fosterhjem</p> <p>Søskenplassering i fosterhjem: Et kvalitativ studie om fosterforeldres erfaringer av sampassering av søsken</p>
Idunn	Søsken i fosterhjem	78	<p>Avgrensa til publisert mellom 2012 og 2022.</p> <p>Resultat: 48 treff</p>	Ingen relevante
Idunn	Sibling AND foster care	15	<p>Avgrensa til publisert mellom 2012 og 2022.</p> <p>Resultat: 10 treff</p>	Ingen relevante
Cinahl	Foster care AND sibling placement OR sibling relationship	3664	<p>Avgrensa til publisert mellom 2012 og 2022 og skriven på engelsk.</p> <p>Resultat: 2124</p>	For mange treff, ingen relevant ut fra overskrift og/eller abstract.

Cinahl	Foster care placement AND siblings OR sibling relationship	6427	Avgrensa til publisert mellom 2012 og 2022, skriven på engelsk og med moglegheit for fulltekst. Resultat: 888 treff	For mange treff, ingen relevant ut fra overskrift og/eller abstract.

Vedlegg 2: Skjema for kritisk vurdering

Artikkel nr. 1: Søsken og plassering i fosterhjem – rapport om utfordringar, hindringar og tiltak ved søskenplassering i fosterhjem

Falch-Eriksen, A. (2017). *Søsken og plassering i fosterhjem: Rapport om utfordringer, hindringer og tiltak ved søskenplassering i fosterhjem*. Oslo: NOVA - velferdsforskningsinstituttet .

Har artikkelen ein klart formulert problemstilling?

Rapporten handlar om søsken og plassering av dei i fosterheim, og problemstillinga tek føre seg kva utfordringar og hindringar som står i vegen for søskenplassering i fosterheim.

Er designet eigna for å svare på problemstillinga?

Dette er ein rapport som byggjer på intervju med personar som har god kjennskap til omsorgsplassering i fosterheim. Eg vurderer at designet er passande då det samlar inn informasjon om temaet. Det er grunnlaget for valet av denne rapporten, den er relevant til min problemstilling. I mitt hierarki har eg plassert fagfellevurderte rapportar ganske langt oppe, så eg vurderer denne som aktuell for mi oppgåve.

Kva er resultata?

Rapporten fortel at det er fleire hindringar og utfordringar kring søsken og plassering i fosterheim. Det kjem til dømes fram at storleiken på søskenflokkene har noko å seie, kvaliteten på søskenrelasjonen, usikkerheit kring korleis barna får ytre seg i saker som omhandlar plassering osv.

Kan du stole på resultata?

Eg vurderer resultata i rapporten som gyldige, og at eg kan stole på desse. Falch-Eriksen er ein statsvitar og har skrive fleire forskingsrapportar tidlegare, som gir ein styrka tryggleik til forskingsrapporten. Ein svakheit med rapporten kan vere at tidrommet. Det er eit kortvarig forskingsprosjekt som strakk seg over to månader som kan vere kort tid på å samle inn nok essensiell informasjon.

Kan resultata brukas i mi oppgåve?

Resultata frå forskingsrapporten viser at det er fleire hindringar og utfordringar ved søskenplassering i fosterheim, og er difor relevant til min problemstilling.

Artikel nr. 2: «It's complicated» Exploring the meaning of sibling relationships of youth in foster care

Wojciak, A. S. (2016, Desember 16). 'It's complicated.' Exploring the meaning of sibling relationships of youth in foster care. *Child & Family Social Work*, pp. 1283-1291.

Har artikkelen ein klart formulert problemstilling?

Artikkelen omhandlar betydinga av søsken i fosterheim, og problemstillinga i artikkelen er «kva betyr ein bror eller syster for unge i fosterheim?»

Er designet eigna for å svare på problemstillinga?

I artikkelen er det følgt ein IMRAD-struktur, og kategoriserast difor som ein vitskapeleg forskingsartikel. Det blei gjort ein kvalitativ undersøking med opne spørsmål og ein tematisk analyse for å undersøka svara. Eg tolkar at designet er godt eigna for problemstillinga, spesielt sidan undersøkinga inneheldt opne spørsmål kontra til dømes spørjeskjema med svaralternativ. På denne måten får deltarane svare heilt sjølve og beskrive med eigne ord, noko som styrkar svara. Eg har kvalitative studiar øvst i mitt hierarki, så denne er svært relevant for meg.

Kva er resultata?

Resultata i artikkelen tilseier at søsken har eit spesielt band, nokon å støtte seg på og nokon som forstår dei. Samtidig viser dei at søskenforhold kan bli kompliserte i fosterheim, og at samvær og mangel på samvær pregar søskenforholdet.

Kan du stole på resultata?

Eg vurderer resultata i artikkelen som gyldige. Denne artikkelen er publisert i eit fagfellevurdert tidsskrift, som styrkar truverdigheita. Wojciak har utvikla eit forskingsprogram, og har blitt publisert i fleire anerkjente tidsskrift, i tillegg har ho skrive fleire kapittel i sek bøker kring ungdom i fosterheim. Dette styrkar validitetten på resultata i artikkelen, og bidrar til at eg stolar på desse.

Kan resultata brukas i mi oppgåve?

Resultata i artikkelen viser både eventuelle fordelar og ulemper med søsken i fosterheimar. Resultata tek òg føre seg samvær og søskenforhold og korleis dette verkar inn på kvarandre. Dette er aktuelt for min problemstilling, og kan brukast i mi oppgåve.

Artikel nr. 3: Where's My Sister? Siblings Should Have a Statutory Right to Be Placed Together in Foster Care

Clark, A. C. (2017). Where's My Sister? Siblings Should Have a Statutory Right to Be Placed Together in Foster Care. *Family Law Quarterly, Vol. 51, No. 1, Spousal Support in Practice: An Update*, pp. 117-132.

Har artikkelen ein klart formulert problemstilling?

Artikkelen tek føre seg søskenplassering i fosterheim og problemstillinga er om søsken bør ha ein lovfesta rett til å bli plassert saman når det kjem til omsorgsovertaking.

Er designet eigna for å svare på problemstillinga?

Artikkelen følger ikkje ein klar IMRAD-struktur som vil seie at den ikkje er ein forskingsartikkel. Den er skriven av ein spesialadvokat som har mykje erfaring frå saker med søskenplassering. Eg tolkar det som passande for å svare på problemstillinga då forfattaren har eigne erfaringar kring temaet, og artikkelen tek føre seg kvifor barn blir plassert i fosterheimar, kva lover og faktorar som gjeld kring

samplassering, og ein diskusjon om det bør vere ein lov om at søsken skal plasserast saman. Eg har plassert fagfellevurderte artiklar høgt oppe i litteraturhierarkiet mitt, og denne er publisert i eit vitskapeleg tidsskrift, og difor vurderer eg denne som eigna og relevant for min problemstilling.

Kva er resultata?

Resultata i artikkelen er varierte. Forfattaren kjem fram til moglege positive faktorar for å lovfesta samplassering av søsken, men òg ein del moglege avgrensingar og ulemper i høve til dette. Til dømes er nokre fordelar tryggleik for barna, medan ei mogleg avgrensing kan vere at det blir vanskelegare å finne fosterheimar dersom ein må plassere søsken saman. Artikkelen konkluderer med at søskenplassering bør vere lovpålagt.

Kan du stole på resultata?

Resultata er ikkje konkrete, men i høve til korleis artikkelen er bygd opp av informasjon gir det svar som både trekk fram ulemper og fordelar. Eg vel å tolke resultata som gyldige, då forfattaren trekk fram dømer med ulike utfall, samt dømer frå plassar der samplassering allereie er lovpålagt.

Kan resultata brukas i mi oppgåve?

Artikkelen er relevant til min problemstilling, den trekk fram positive faktorar ved samplassering samt moglege ulemper. Dette er noko eg kan nytte i min eigen diskusjon. Artikkelen konkluderer med at samplassering bør vere lovpålagt, og dette er noko eg kan nytte i høve til om det er til barnets beste i alle tilfelle.

Artikel nr. 4: Gundersen, R. C. (2017, Juni 1). *Søskenplasseringer i fosterhjem: Et kvalitativt studie om fosterforeldres erfaringer av samplassering av søsken.*
Retrieved from Universitetet i Stavanger: https://uis.brage.unit.no/uis-bitstream/handle/11250/2459910/Rikke_Masteroppgave_Ferdig.pdf?sequence=1&isAllowed=y

Har artikkelen ein klart formulert problemstilling?

Studien omhandlar søskenplassering i fosterheim, og problemstillinga er korleis fosterforeldre meiner samplassering av søsken påverkar barnas individuelle behov.

Er designet eigna for å svare på problemstillinga?

Studien er ein kvalitativ studie med semistrukturerte intervju. Den føretok intervju av fosterforeldre som har vore i situasjon med samplassering av søsken. Eg vurderer designet som eigna då ein samlar inn informasjon direkte frå fosterforeldre som har erfaring med søskenplasseringar ved dialog. I mitt litteraturhierarki er tidlegare bacheloroppgåver plassert nedst, men den samlar informasjon direkte frå fosterforeldre, som gjer den svært relevant for mi oppgåve og min problemstilling.

Kva er resultata?

Resultata i studien viser at samplassering kan gi nokre fordelar, men òg kan bidra til risikofaktorar for barna og deira behov. Resultata var vanskelege å tolke konkret, då datamateriale viste at intervupersonane tolka risiko- og vernefaktorar ulikt som igjen fører til ulike svar, samt viste dei at søskenplassering er eit komplekst tema og det er mange faktorar som spelar inn i vurderinga av samplassering.

Kan du stole på resultata?

Med tanke på at datamateriale kjem frå fosterforeldre som sjølve har erfaring og har stått i samplassering av søsken, tenker eg at resultata er til å stole på. Det er ønskeleg med eit konkret resultat, men i dette tilfelle diskuterer forfattar i høve ulike funn og det er vanskeleg med eit konkret svar i slike spørsmål.

Kan resultata brukas i mi oppgåve?

Resultata viser seg å vere variabelt, forfattar får fram både positive sider og effektar av samplassering, samt at det òg kan vere ulemper og risiko. Dette er noko eg kan nytte i mi oppgåve då det er relevant til min problemstilling.

Kjeldeliste skjema for kritisk vurdering

Helsebiblioteket. (2016, Juni 3). *Sjekklister*. Helsebiblioteket:

<https://www.helsebiblioteket.no/kunnskapsbasert-praksis/kritisk-vurdering/sjekklister>

